

Kulturpris og eldsjelpreis

Skodje kommune ønsker forslag på kandidatar til kulturpris og eldsjelpreis for 2015. Forslaga skal vere grunngjevne.

Kulturprisen skal gå til personar eller organisasjonar som har ytt ein særleg stor innsats i Skodje kommune for å fremje kulturarbeidet.

Eldsjelprisen skal gå til ein person som har ytt ein særleg stor friviljug innsats i Skodje kommune. Arbeidet skal vere knytt til humanitære eller kulturelle tilhøve i kommunen.

På heimesida til Skodje kommune står det meir om statuttane for dei to prisane.

Forslag på kandidatar skal sendast som epost til magne.fylling@skodje.kommune.no eller i brev til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje, med frist 15. september 2015.

Nye moderasjonsordningar i barnehagane

Frå 1. mai vart det innført ei nasjonal ordning som skal sikre at ingen hushaldningar betalar meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass.

Frå 1. august 2015 har i tillegg alle 4- og 5-åringar og barn med utsatt skulestart, som bur i hushaldningar med lav inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen pr. veke.

Ordningane gjeld for både private og offentlege barnehagar, men ansvaret for gjennomføringa er lagt til kommunen.

Det er altså kommunen som skal motta og handsame søknadane. Foreldre/føresette må søkje om redusert foreldrebetaling og eventuelt gratis kjernetid for eitt barnehageår om gongen. Meir informasjon om ordninga, og søknadsskjema er å finne på skodje.kommune.no.

Byggjer naboen din utan at du har blitt varsla?

Frå 1. juli kan naboen din setje opp ein garasje på inntil 50 kvadratmeter utan å søkje kommunen eller seie frå til deg.

Det er lurt å ta ein nabopratt før du eventuelt kontaktar kommunen. Då får du sikkert vite meir om kva naboen din byggjer, og kvifor du ikkje har fått beskjed. Men det er smart at du òg set deg inn i dei nye reglane.

Vilkår for at naboen slepp å søkje byggjeløyve og dermed også varsle deg:

- garasjen kan vere inntil 50 kvadratmeter
- det må vere minst 1 m frå garasjen til nabogrensa
- det må vere minimum 1 meter frå garasjen til andre bygningar på same tomt
- garasjen kan ha maksimal mønehøgde på 4 m
- garasjen kan ha maksimal gesimshøgde på 3 m
- den kan berre ha éin etasje, og ikkje kjellar

Andre bygningar som naboen kan setje opp utan byggesøknad og utan å varsle deg:

- bod, veksthus, søppelskur, sykkelskur, carport og vedbod.
- bygning som òg kan nyttast til hobbyverkstad, atelier, lysthus eller øvingslokale.

Val 2015

Opningstider for førehandsrøysting på Skodje rådhus:

Måndag, tysdag, torsdag og fredag: kl. 09 - 14

Onsdag: kl. 10 - 14

Utvida opningstid torsdag 3. september og torsdag 10. september: kl. 09 - 19

Røyste heime?

Dersom du på grunn av sjukdom eller andre årsaker ikkje kan kome til røystelokalet, kan du søkje om å få førehandsrøyste der du bur. Søknaden må vere valstyret i hende innan tysdag 8. september kl. 15. Søknad skal sendast til valstyret i Skodje, rådhuset, 6260 Skodje, eller du kan ringe 70 24 40 00.

Manntal

Manntalet er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset. Du kan undersøkje om du står i manntalet ved å vende deg til sentralbordet, anten ved personleg oppmøte på rådhuset, eller ved å ringe 70 24 40 00.

Dette må naboen varsle om

Naboen må varsle deg hvis han set opp ein bygning som er meint for overnatting, som for eksempel eit anneks eller ei hytte. Det same gjeld dersom naboen set opp ein bygning som inneheld kjøkken, stove, soverom eller våtrom. Har naboen sett i gang bygging av noko av dette, skal han òg ha søkt kommunen om byggjeløyve.

Dersom naboen burde ha varsla deg

Dersom storleiken og plasseringa av bygget gjer at det krevst byggjeløyve frå kommunen, skal du bli varsla først. Har du ikkje fått nabovarsel, start med å fortelje naboen at han kanskje har vore litt for rask på avtrekkjaren. Da får han høve til å rette opp feilen.

Hjelper ikkje det, kan du gi beskjed til kommunen. Det er best dersom du gjer det skriftleg, og gjerne med ein kopi til naboen. Du kan gi beskjeden anonymt, men ver klar over at naboen din vil få sjå det du sender inn, og at dokumentet vil bli registrert i postlista til kommunen.

Privat brøyting

Ordninga med privat brøyting er avvikla frå vintersesongen 2014/2015 for Skodjebygda, og 2015/2016 for resten av kommunen.

Skodje kommune har brøyteentreprenørar til kommunale vegar i desse grendene:

Håhjem, Valle, Glomset, Brusdal, Utvika:
Lars Kristian Valde

Engesetdalen – Fylling: Per Birger Ulvestad
Stette - Stafset: Oddbjørn Døving

Folkemøte om kommunereform

Det vil bli gjennomført folkemøte om kommunereform 29. sept. kl. 18.00 – 21.00 i Gomersalen.

Formålet med møtet er dialog om kommunereformen med rapportane etter utgreiingsprosessane «Landkommune» og «Regionkommune Sunnmøre» som bakgrunn. Rapportane vil bli gjort tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Program for folkemøtet vil bli kunngjort i Bygdebladet og på heimesida til kommunen, der du òg kan finne meir informasjon om kommunereformen.

Litt av kvart

Avlastningsheim

Vi søker ein vaksen, stabil person (utan husdyr) til gut på 10 år som ynskjer seg avlastningsheim ei helg i månaden. Av interesser har han; data, bowling, friluftsliv - spesielt ved sjøen.

Er du interessert, ta kontakt med helsestasjonen tlf. 70 24 40 60 / 70 24 40 72. Løn etter tariff.

Meld frå når bygget er ferdig

Har du sett opp ein garasje, tilbygg eller annan bygning som er unnateke søknadsplikt, må du gje beskjed til kommunen slik at det du har bygd vert teikna inn i kommunen sine kartdata.

Du gir beskjed ved å fylle ut og sende inn skjemaet «Melding om bygning eller tilbygg som er unnatt søknadsplikt» (blankett 5188) på nettsidene til Direktoratet for byggkvalitet, dibk.no.

Etterlysing

Skodje Sogelag ønsker bilete frå ca. 1900-1960 av personar eller grupper frå tidlegare ungdomslag i Skodje. Vi forsøker å skrive ned historien om desse laga. T.d. er vi interessert i bilete av Rasmus Øvstegaard som ungdom. Han var aktiv i ungdomslaga "Samhald" og "Heimdal" i byrjinga av 1900-talet. Det er sikkert mange andre vi ikkje kjenner til. Vi bed om dykkar hjelp.

Vi skannar bileta og de beheld originalane. Bileta kan vere frå turar og arrangement.

Kontakt: Norunn H. Steinnes på telefon 932 12 672 eller 70 27 58 87.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 11. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 4. desember.

Bruktbuda

På garden ved Prestemarka bu- og dagtilbod har vi starta bruktbudikk. Vi ser at dette har ein stor verdi som eit aktivitetstilbod for våre brukarar, samt at vi ønskjer å ta vare på mykje av det som elles blir kasta. Vi held svært rimelege prisar, og har det meste.

Opningstider:

- Tysdagar 12.00. – 16.00.
- Torsdagar 12.00. – 18.00.

Vi har mykje fint til svært gode prisar.

Sal av kaffi. Velkommen!

Kulturveka

Gomerhuset har 5-årsjubileum i år. Med Gomerhuset starta ein ny tradisjon - kulturveke i slutten av oktober. Årets kulturveke er altså den sjettej i rekkja, og vert arrangert 23. oktober - 1. november.

Målet med kulturveka er å vise fram mangfaldet i kulturlivet i Skodje, og gi gode opplevingar til alle aldersgrupper

Eit rikholdig program vil bli kunngjort seinare!

SkodjeDagane 2015

Skodje Skulekorps ønskjer velkommen til Skodjedagane 19. og 20. september.

Om veret er i godlune har vi i år også hoppeslott for dei minste. Vi har i år også bruskestabling, ansiktsmåling og båtbygging. Elles vert det ymse oppvisningar ute, og underholdning frå scene inne i messehallen.

Skodjerittet vert arrangert i år også, i regi av Skodje kommune. Påmelding innan 17.09. til magne.fylling@skodje.kommune.no.

Kafeen fristar begge dagane med kaker og middag.

Vi ønskjer vel møtt til trivelege dagar!

LAURDAG

- 12:00 Messehallen opnar
- 12:00 Kafé frå 12:00-18:00
- 12:00 Hoppeslott 12:00-18:00
- 12:00 Barnezumba 12:00-13:00.
- 13:00 Båtbygging på uteområdet 13:00-17:00 i samarbeid med Byggeriet Digernes
- 13:00 Offisiell opning**
- 13:10 Skodje skulekorps spelar
- 13:30 Registrering til Sykkelrittet fram til 14:30
- 13:30 Bruskestabling 13:30-16:00
- 13:30 Song/piano av Sunniva Eirin Sandvik
- 14:00 Eventyrstund for dei minste i biblioteket v/ Bodil Grindvik Uri
- 14:30 Ansiktsmåling 14:30-17:00
- 14:45 Oppvarming/show m/ Puls'n for deltakarar til Skodjerittet utan tidtaking
- 15:00 Eventyrstund for alle frå 6 til 100 år i biblioteket v/Bodil Grindvik Uri
- 15:00 Lagstart Skodjerittet utan tidtaking
- 15:45 Oppvarming/show m/ Puls'n for deltakarar til Skodjerittet med tidtaking
- 16:00 Lagstart Skodjerittet med tidtaking
- 16:30 Barnezumba 16:30-17:30
- 17:30 Premieutdeling sykkelrittet
- 17:45 Loddrekning med premiar frå utstillarane
- 18:00 Dørene stenger for dagen.

SØNDAG

- 12:00 Messehallen opnar
- 12:00 Kafé frå 12:00-18:00
- 12:00 Hoppeslott 12:00-18:00
- 12:00 Barnezumba 12:00-13:00
- 13:00 Båtbygging på uteområdet 13:00-17:00 i samarbeid med Byggeriet Digernes
- 13:00 Skodje skulekorps spelar
- 13:15 Trøtraktorløp i samarbeid med Skodje Bondelag (fram til 13:45)
- 13:30 Bruskestabling 13:30-16:00
- 14:00 Eventyrstund for dei minste i biblioteket v/Bodil Grindvik Uri
- 14:00 Ansiktsmåling 14:00-17:00
- 14:00 Song av Helene Stette Stenseth/ Sofie Stenseth Stette
- 15:00 Eventyrstund for alle frå 6 til 100 år i biblioteket v/Bodil Grindvik Uri
- 15:00 Oppvisning med Puls'n
- 15:45 Cheerleading Ørskog Angels
- 16:30 Barnezumba 16:30-17:30
- 17:00 Fruktdekor-konkurranse mellom daglegvarebutikkene i Skodje
- 17:30 Loddrekning med premiar frå utstillarane
- 18:00 Skodjedagane 2015 stenger dørene og takkar for i år.

(Med atterhald om endringar.)

Loppemarknad

19. og 20. september på Gomerhuset, ope kl. 12:00-18:00 begge dagar.

Loppemarknad er arenaen for gjenbruk – her kan du levere lopper eller finne nye skattar. Vi tek i mot det meste så sant det er brukande og enkelt å handtere.

Lopper kan leverast på Gomerhuset, Skodje, fredag 18. september frå kl. 18:00.

Har du lopper, men treng hjelp til transport, ring Knut Perry Græsdaal på tlf. 975 12 114.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no